
Vår referanse 2021/44646-2
Dato 20.09.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjonssøknad til uttale - gnr 185 bnr 4 - Isdal - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, viser til vedlagte uttale frå kulturavdelinga i Alver kommune. Kulturavdelinga har, saman med kulturverntenesta i Nordhordland, vore på synfaring på gbnr. 185/4, Isdal. Dei påpeiker at dei i si vurdering av søknaden har lagt vekt på kulturmiljøet som heilskap og ikkje berre lemstova og det omsøkte tilbygget. Dei viser til at tiltaket ligg innanfor omsynssone H570 i gjeldande KPA og påpeiker følgjande:

«Det er ynskjeleg at kulturminne vert nytta og at for å oppnå dette må ein av og til gjera endringar på bygg slik at dei har god nok standard til å tilfredstilla dagens krav. I verneverdige kulturmiljø er det likevel viktig at dette skjer med omsyn til kulturminneverdiane. Vår viktigaste merknad til det omsøkte tilbygget er at det ikkje innordnar seg hovudbygget når det gjeld storleik og utforming. Me rår difor til at det ikkje vert gjeve løyve til tilbygget. Eit tilbygg bør planleggast i samarbeid med arkitekt med kulturminnefagleg kompetanse. Arild Sætre ved kulturverntenesta i Nordhordland kan kontaktast for hjelp til dette.»

Vi stiller oss bak vurderingane som er gitt i uttalen frå kulturavdelinga i Alver. Det er svært viktig at ein tek omsyn til det særleine kulturmiljøet på Isdal. Ein må tilfredsstille krava som er gitt i føresegnene til omsynssone H570_6. Vi rår til at ein nyttar seg av kulturverntenesta i Nordhordland for å utforme eit tilbygg som er betre tilpassa eksisterande lemstove. Dette både når det gjeld volum, form og materialval.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Berit Vik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift